



Utvalssak nr.	Utval	Møtedato
85/09	Levekårsutvalet	25.08.2009
69/09	Formannskapet	27.08.2009
72/09	Kommunestyret	17.09.2009

Høyring -Forslag til endringar i statsborgarlova og forskrift, samt endringar i introduksjonslova og statsborgarlova med forskrifter og utlendingsforskrifta

Saksdokument vedlagt:

1. Høring – forslag til endringer i lov 10.juni 2005 nr. 51 om norsk statsborgerskap (statsborgerloven) og forskrift 30.juni 2007 nr. 756 om erverv og tap av norsk statsborgerskap (statsborgerforskriften) – Arbeids- og inkluderingsdepartementet, 25.06.09
2. Høyring – endringar i introduksjonsloven og statsborgerloven med forskrifter og utlendingsforskrifta - Arbeids- og inkluderingsdepartementet, 25.06.09.

Saksutgreiing:

Saka går til uttale i levekårsutvalet
Saka går til innstilling i formannskapet
Saka skal avgjerast endeleg i kommunestyret.

Bakgrunn

Arbeids- og inkluderingsdepartementet har sendt ut til høyring forslag om endringar i statsborgarlova og –forskrifta. Høyringsfrista er 15.oktober 09.

Dei tilrådde endringane har sin bakgrunn i myndigheitenes erfaringar med lova og forskrifta – etter at desse har virka i nærare tre år. Departementet har sjølv sett og fått tilbakemeldingar på forhold som tilseier at det må gjerast einskilde presiseringar, men også endringar av meir prinsipiell art.

Eit framlegg er innføring av særreglar knytt til *identitetsvilkåret i statsborgarlova for barn* som har vore avskåre frå høve til å erverve norsk statsborgarskap på grunn av at foreldra ikkje har fått klarlagt sin identitet. For barn som er fødd og registrert i Norge, blir det tilrådd at dei skal bli sett på som å oppfylle identitetsvilkåret. Barn som søker om norsk statsborgarskap som biperson, saman med eller i etterkant av foreldra, skal på visse vilkår kunne ha rettt til å erverve norsk statsborgarskap, sjølv om foreldra sine søknader blir avslått grunna tvil om identiteten.

Departementet vurderar også om det bør bli innført ein særregel knytt til *identitetsvilkåret i statsborgarlova for personar over 18 år*.

Departementet tilrår vidare å gjennomføre ei brei revisjon av føresegnene om *karenstid* i lova og forskrifta, slik at systemet blir lettare å praktisere og gir ein større forutbereknlegheit for søkjar.

Dei andre forslaga er mindre endringar og justeringar både i lova og forskrifta. Eit av forslaga gjeld rutinar for å stille behandlinga av statsborgarssøknader i bero der søkjar er under etterforskrning for straffbart forhold.

Samstundes som departementet sendar ut høyringskriv om forslag til endringer i lov 10.juni 2005 nr. 51 om norsk statsborgerskap (statsborgerloven) og forskrift 30.juni 2007 nr. 756 om erverv og tap av norsk statsborgerskap (statsborgerforskriften) blir også eit høyringsbrev om *endringar i introduksjonslova og statsborgarlova med forskrifter* og utlendingsforskrifta – der det m.a.blir tilrådd endringar i vilkåra for statsborgarskap ved å at det blir innført statborgarprøve.

Om dei ulike forslaga i vedlegg 1

1. Identitetsvilkåra i statsborgarlova § 7

Sjå vedlegg 1 side 9 – 11.

Her framgår også departements framlegg.

2. Innføring av særreglar knytt til identitetsvilkåret for barn

Sjå vedlegg 1 side 11 – 14, der også departementets forslag kjem fram.

3. Innføring av særreglar knytt til identitetsvilkåret for personar over 18 år

Viser til vedlegg 1 side 14 -17.

Departementet bed høyringsinstansane gje innspel på om det bør bli innført ein særregel for personar over 18 år med lang butid og ikkje klarlagt identitet, omsyn for og i mot og korleis ein slik bestemmelse eventuelt bør bli utforma.

Departementet vurderar at ei tenleg løysing kan vere å innføre ein særregel i statsborgarlova for søkjarar med lang butid i landet som oppfyllar vilkåra for busettingsløyvel, men som ikkje klarar å oppfylle identitetsvilkåret i gjeldande statsborgarlov § 7 første ledd bokstav a. Ei løysing kan vere at identiteten skal bli sett på som klarlagt, dersom søkjaren har vore registrert i folkeregisteret med den same identiteten til dømes i minst 10 år, og det ikkje kjem fram nye opplysningar som gir grunn til å tvile på søkjars oppgitte identitet. Dette kan bli gjort ved å innføre eit nytt fjerde ledd i statsborgarlova § 7, slik det går fram av det vedlagte utkastet til lov- og forskriftstekst.

4. Søkjars opplysningsplikt

Viser til vedlegg 1 side 17.

5. Kravet til opphaldstid

Viser til vedlegg 1 s. 18.

6. Barn under to år som søkjar om statsborgarskap som bipersonar

Jfr. vedlegg 1 s. 19.

7. Barn som søkjar statsborgarskap som biperson og som blir 18 år mellom søknadstidspunktet og vedtakstidspunktet.

Viser til vedlegg 1 s.19 - 20.

8. Overgangsreglar for adopterte barn

Viser til vedlegg 1 s. 20 – 21.

9. Forslag om nye reglar for berekning av karenstid

Jfr. vedlegg 1 s. 21 – 26.

10. Kravet til samanhengande opphald i statsborgarlova §§ 15 til 17

Viser til vedlegg 1 s. 26 – 27.

11. Unntaksreglar for søkjarar med sperra adresse i folkeregisteret

Viser til vedlegg 1 s. 27 – 28.

12. Husstandsmedlemmer til militært personell som er beordra til teneste i utlandet

Viser til vedlegg 1, s. 29.

13. Ektefelle til Kola – nordmenn

Jfr. vedlegg 1, s. 29 – 30.

14. Særreglar for personar som har fått utstedt norsk pass sjølv om dei ikkje er eller har vore norske statsborgarar

Viser til vedlegg 1m s. 30- 31

15. Vurdering av løysingskravet når utlendingsnemnda er behandlande instans

Viser til vedlegg 1 s. 31

16. Søknad om statsborgarskap på fastsett skjema

Viser til vedlegg 1 s. 31 – 32.

17. Rutinar for å stille behandlinga av søknader i bero, jfr. statsborgarlova § 30 annet ledd

Viser til vedlegg 1 s. 32 – 33.

18. Gjenerverv av norsk statsborgarskap for barn av norske statsborgarar

Viser til vedlegg 1, s. 34.

19. Saker som berører grunnleggjande nasjonale interesser

Viser til vedlegg 1, s. 34 – 35.

20. Forslaga sine økonomiske og administrative konsekvensar

Viser til vedlegg 1 s. 35.

Om dei ulike forslaga i vedlegg 2

Arbeids- og inkluderingsdepartementet sender ut til høyring forslag til endringar i lov 4.juli 2003 nr. 80 om introduksjonsrodning og norskopplæring for nyankomne innvandrar (introduksjonslova) med forskrift og utlendingsforskrifta.

Forslaga gjeld:

- Introduksjonsprogram for mishandla personar og personar som ikkje kan bli returnert til heimlandet
- Innføring av obligatorisk avsluttande prøver i norsk
- Utviding av omfanget av rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for norske innvandrara frå 300 til 600 timar
- Endring i vilkåra for å få norsk statsborgarskap, m.a. innføring av statsborgarprøve
- Endringar i vilkåra for å få busettingsløyve
- Innføring av fylkesmannstilsyn og kommunal internkontrollplikt for ordningane i introduksjonslova
- Innføring av fedrekvote i permisjon ved fødsel og adopsjon for deltakarar i introduksjonsprogram
- Innføring av nytt opphaldsbevis.

1. Endringsforslag

Viser til vedlegg 2 s. 8 – 11

2. Introduksjonsprogram for personar som utan å ha søkt asyl får løyve på grunnlag av urimelege vanskar med retur til heimlandet etter samlivsbrot, mishandling i samlivsforholdet eller på grunnlag av at ekteskap er kjent ugyldig på grunn av tvang.

Jfr. vedlegg 2, s. 12 -13.

3. Innføring av obligatorisk avsluttande prøve i norsk og samfunnskunnskap

Viser til vedlegg 2, s. 14 – 16

4. Utviding av omfanget av rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap

Viser til vedlegg 2. s. 16 - 18.

5. Endring av vilkår for statsborgarskap

Jfr. vedlegg 2, s. 19 – 23

6. Endring av vilkår for busettingsløyve

Viser til vedlegg 2, s. 23 – 24.

7. Innføring av statleg tilsyn og plikt for kommunen til å føre internkontroll med forvaltning av introduksjonsprogram og – stønad, opplæring i norsk og samfunnskunnskap, samt nasjonalt introduksjonsregister (NIR)

Viser til vedlegg 2, s. 24 – 27.

8. Innføring av fedrekvote – endring i forskrift om fråver og permisjon ved nyankomne innvandrara si deltaking i introduksjonsordninga § 5-3

Viser til vedlegg 2 s. 27 – 29.

9. Innføring av eit nytt opphaldsbevis

Viser til vedlegg 2, s. 29 – 31

10. Ikrafttreden og overgangsbestemmelser

Jfr. vedlegg 2, s. 31- 32.

Vurdering

Rådmannen har ikkje merknader til departementets tilrådingar i høyringsskriva, jfr. dei to vedlegga i saka.

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Lindås kommune har ikkje merknader til Arbeids- og inkluderingsdepartementets framlegg i høyringskriva av 25.06.09 vedk.:

- forslag til endringer i lov 10.juni 2005 nr. 51 om norsk statsborgerskap (statsborgerloven) og forskrift 30.juni 2007 nr. 756 om erverv og tap av norsk statsborgerskap (statsborgerforskrifta)
- endringar i introduksjonsloven og statsborgerloven med forskrifter og utlendingsforskrifta

Handsaming i Levekårsutvalet - 25.08.2009

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Uttale i Levekårsutvalet - 25.08.2009

Rådmannen sitt framlegg er vedteke.

Handsaming i Formannskapet - 27.08.2009**Framlegg frå B. Vatnøy, Frp:**

Lindås kommune har følgjande merknader:

Endring i Introduksjonslova pkt. 1.1.4 – paragraf 8.

Maks grense på 55 år utgår.

Framlegget vert samrøystes vedteke.

Innstilling i Formannskapet - 27.08.2009

Lindås kommune har følgjande merknader:

Endring i Introduksjonslova pkt. 1.1.4 – paragraf 8.

Maks grense på 55 år utgår.

Handsaming i Kommunestyret - 17.09.2009

Innstillinga i formannskapet vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 17.09.2009

Lindås kommune har følgjande merknader:

Endring i Introduksjonslova pkt. 1.1.4 – paragraf 8.

Maks grense på 55 år utgår.